



Utslepp av husdyrgjødsel til vassdrag – dømme Time kommune

Webinar Kystverket 06.11.2025

Torfinn Nærland
Fagleiar landbruk



Time kommune

Kor er Time kommune?



Arne Garborg
Bryne FK
Erling Braut Håland
Kaizers Orchestra
Gateartisten Pøbel

Trygg og framtidsretta





Situasjon


- Bonden leiger jord og gjødsellager på nedlagt gardsbruk
- Gjødsellager båsfjøs mjølkeku 1970-tal
- Transport av husdyrgjødsel storfe med semitrailer frå driftssenter og 7 km til leigd jord/gjødsellager
- Husdyrgjødsel vert pumpa inn i lageret og lagra fram til spreing på våren
- Utslepp 19.02.2025 av ca 400 m³ husdyrgjødsel til bekk med liten vassføring



Utslepp av husdyrgjødsel
frå gjødsellager på
gnr. 3, bnr. 16 i Time

Kløvervegen 48
4340 Bryne

19.02.2025




Figur 1

Utslepp av husdyrgjødsel
frå gjødsellager på
gnr. 3, bnr. 16 i Time

Kløvervegen 48
4340 Bryne

19.02.2025

1. Leikeplass
2. Oppsamling gjødsel
3. Bekkekanter
4. Sugepunkt
5. Dam
6. Sluseluke



Figur 2



Tappeluke
fungerande

Tappegropa er her fylt med husdyrgjødsel frå utsleppet.
I driftssituasjon vert gjødselvogn rygga ned for å tappe
gjødsla gjennom tappeluke direkte opp i vogna

Figur 3



Tidlegare luke til å tappe gjødsel har blitt blenda for å
ikkje brukast. Tettinga har gitt etter, og dette førte til
utsleppet av husdyrgjødsel.


Tappegropa vart tømt ved hjelp av sugebil med
vakuum

Husdyrgjødsle fløymde
ned bakken mot bekk



Figur 4

2. Oppsamling av gjødsel fra overflate



Det vart gravd ut ei grop til å skyfle gjødsla på overflata bort med gravemaskin. Deretter vart deler av gjødsla sugd opp, og køyrt bort til mottakskum.



Figur 6a






3. Bekkekant før opprydding og spyling

Figur 7




3. Bekkekant etter opprydding og spyling



Spyling av kanter i bekken med vatn henta frå reint vassdrag

Figur 9



4. Sugepunkt

Oppsamling av gjødsel og vatn frå bekken med 28 m³ vogn. Gjødsel og vatn vart køyrt til oppsamlingskum hjå kollega.

Lense for å bremse utslepp av gjødselskum.

Det vart brukt same sugepunkt for å suge opp:


- gjødsel og vatn frå bekken etter sjølve utsleppet
- i prosessen med å spyle bekkekanter med reint vatn og oppsuging av denne blanding av vatn og gjødsel

Figur 10





Operativ fase: kva skjedde





- Brann rykka ut, men har ikkje utstyr til å handtere gjødselutslepp
- Når bonden kom på plass, organiserte han og kommunen ved landbruk og klima/miljø nødvendige tiltak:
 - Fekk tak i gravemaskin til opprensk gjødsel på overflate jordet
 - Sugebil til å reinske bekk for gjødsel, og spyle bekkekant
- Politi tok opp forklaringar på hendingsforløp, medan bonden og kommunen var travelt oppekne i operativ fase
- Media vil ha sitt



Operativ fase: erfaringar – refleksjonar

- Brann
 - ikkje eigna utstyr
 - kan krisesituasjonar / innsatsleiing, men ikkje trena for denne type hendingar
 - må gjerast i stand til å ha operativt ansvar, elles usikker på kva rolle dei skal ha
- Bonde
 - stort nettverk – gravemaskin, sugebil, kollegaer, ledig kapasitet gjødsellager mm.
 - dyktige på praktisk tilnærming og tiltak
 - kan vera handlingslamme / sett ut pga. hendinga/sjokk
- Politi
 - usikker på om dei har ein rolle i operativ fase – ikkje trena for hendingar som dette
- Kommune
 - stor variasjon i erfaring og kunnskap om korleis handtere slike situasjonar
 - kan ikkje forventast å ha ein operativ rolle

Fleire potensielle utsleppsbomber nær vassdrag.....



Gjødsellager plassert gunstig i forhold til bygninger

....men kva med plassering ved lekkasje / kollaps....?



Førebygging

- Bonde
 - kjennskap til regelverk
 - førebygge ulykker og lekkasje frå utstyr og lager, også leigd lager
- Brann
 - må opparbeida nødvendig kompetanse til å vera innsatsleiar på type hending
 - må ha oversikt over og avtalt tilgang til lokale nødvendige innsatsressursar
- Bonden sine rådgjevarar
 - opparbeide kunnskap og sette fokus på førebygging av uhell/utslepp
- Kommune
 - informere bonden om regelverk (som jo har til føremål å hindre uønska hendingar)
 - intern opplæring av byggesaksavdelingar om risiko, og korleis husdyrbygg fungerer